

Slåtten rundt grusbana kom til slutt

29.07.2008



Endeleg ser det slik ut rundt grusbana. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Slåtten rundt grusbana kom til slutt. uskedalen.no etterlyste han i føre veka, då omgjevnaden til bana hadde vorte brun og naboane kom med utsegn som ”dette er ein pest og ein plage kvart år”.

Vi bad idrettslaget, som har ansvaret, om å gjera noko og det er altså skjedd.

Takken og honnøren bør imidlertid ikkje gå til leiinga i laget, for den som fekk fart på sakene var Svein Ottar Rørheim.

Han tok kontakt med leiar Michael Røsland og tilbød seg å gjera jobben på dugnad. Og det gjorde han - men heilt åleine.